




Læringsmiljøsentret  
Nasjonalt senter for læringsmiljø  
og atferdsforskning

Universitetet i Stavanger

førsteamanuensis Randi M. Sølvik

# Trygge læringsmiljø - ein føresetnad for å praktisere fagfornyninga

Kristiansand, 27.11.2019



“... for vi vet  
at trygge barn lærer  
også best!”

Jan Tore Sanner, 18. mars 2019

Foto skjermdump: <https://www.utdanningsnytt.no/laereplaner/sanner-vil-ha-rydding-i-jungelen-av-laereplanmal/154988>

# Lærere trygge barn best?

---

Både trygge og utrygge barn lærer heile tida – men dei lærer ulike ting

Mitt hovudpoeng i dag:

**Praktisering av verdisyn, kjerneelement og kompetansemål i fagfornyinga føreset kontinuerleg arbeid med læringsmiljøet.**




Foto: iStock

# Læringsmiljø - undervisning

---

- Godt grunnlag i siste års arbeid med opplæringslova
- Kunstig skilje?



# Oppstart på ungdomsskulen

Det er informasjonsmøte for elevar og foreldre på den nye ungdomsskulen. Elevar frå fire barneskular skal samlast på 8. trinn. Det er spenning i lufta. Lågmælt prating mellom foreldre, eit nikk og forsiktig smil til ein du har møtt på butikken. Eller var det på treninga? Kviskring og fnising frå ein jentegjeng på bakarste rad. Blikk møtes mellom gutar med caps og hettegenser: «Halla». Mange kjente og ukjente er samla på ein stad.

Rektor landar litt av spenninga når ho ynskjer velkommen. Ho set ord på det nye og ukjente, og viser retning for det nye som elevar og foreldre skal i gong med. Med Opplæringslova i ryggen, framhevar ho skulen sitt ansvar for å sikre elevane eit trygt og godt psykososialt skulemiljø. Ho roar elevar og foreldre med å fortelje korleis skulen prioriterer tid til å bli kjent med elevane i starten av skuleåret, arbeidet med faga kan komme seinare.

(Sølvik, 2019a)

# Tre hovudpoeng

---


1. Læraren sitt handlingsrom i møte med elevane
2. Deltakande og engasjerte elevar i trygge læringsmiljø
3. Å planlegge for komplekse læringsprosessar (fagleg, sosialt og emosjonelt)

# 1. Handlingsrommet til læreren

---

- Handlingsrommet til læreren skjer i møtet med den enkelte elev og elevgruppe.
  - Gjennom undervisningspraksis
  - Gjennom vurderingspraksis
- Undervisningskvaliteten kan definerast gjennom kvaliteten på interaksjonane mellom lærar og elev (Hamre mfl., 2013; Pianta mfl., 2012)
  - Klasseromsinteraksjonar – elevengasjement - læringsutbyttet
  - Kan påverkast direkte (t.d. smil, blikk, spørsmål, kommentar)

# Klasseromsinteraksjoner



(Pianta, Hamre og Mintz 2012)



# Emosjonell støtte

- Handlar om å skape og oppretthalde eit støttande og omsorgsfullt sosialt miljø i klassen.
- Klasserommet er kjenneteikna av:
  - Smil og gjensidig glede
  - høfleg og ivaretakande språk
  - Sensitivitet og vilje til å oppklare elevane sine ulike behov (fagleg, sosialt og emosjonelt)
  - Fagleg innhald blir knytt til elevane sin livsverden



Foto: iStock

# Klasseromsorganisering


- Handlar om korleis ein administrerer aktiviteten og regulerer åtferd i klassen
- I klasserom med god klasseromsorganisering:
  - innarbeida gode rutinar i oppstart, overgangar og avslutningar
  - handterer åtferd på ein proaktiv og konstruktiv måte
  - tida blir brukt på målretta læringsaktivitetar

# Læringsstøtte

- Handlar om å støtte og utfordre elevane sine utviklings- og læringsprosessar.
- Klasserommet er kjenneteikna av:
  - Variert og målretta undervisning
  - Kvalitative tilbakemeldingar og oppfølgjande spørsmål
  - Kobling av tidlegare og ny kunnskap k
  - Analyse og utforsking
  - Undervisningsdialog der elevar og lærar er aktive



Foto: iStock



Korleis kan dette interaksjonelle handlingsrommet til læraren løftast inn i implementering av fagfornyinga på din skule?

Foto: iStock

## 2. Deltaking og engasjement

---

- Forsking underbygger **deltaking** og **engasjement** som sentralt for elevane si læring

(t.d. Darling Hammond 2008; DuFour & Dufour, 2015; Hamre mfl. 2013; Mercer & Littleton, 2007; Schwartz mfl., 2005)

- Fagfornyinga løftar fram:
  - Handlemåtar i kompetansemåla: leike, eksperimentere, undre seg, reflektere, samtale om, utforske, argumentere, vurdere etc.
  - Framhevar den aktive og deltakande elev

# Det "anspente" læringsmiljøet

- Læreren beveger seg rundt i klasserommet mens han snakkar om eit tema og stiller spørsmål til elevane
- stoppar ofte bak elevane når han stiller spørsmål, lite sensitiv for elevbehov
- Svarar nedlatande, bruker ironi dersom elevane ikkje kan svare



- Lite elevdeltaking, manglande engasjement, stille og anspent

(Sølvik, under arbeid)



Foto: iStøck

# Det "trygge" læringsmiljøet (Sølvik & Glenna under arbeid)

- Positivt klima, respektfull kommunikasjon, gjensidig smil og glede, sensitive og merksame lærer
- Oppmuntrar og støttar elevane si deltaking og idear




- Elevane er deltakande og engasjerte



Foto: iStock

# Læringsmiljø – elevengasjement - læringsprosess


---

- 
- Korleis læraren legg til rette for læringsmiljøet
  - Elevdeltaking og engasjement
  - Støttar og utfordrar elevane sin kompetanseutvikling
    - kognitiv
    - sosial
    - personleg

(Sølvik & Glenna, under arbeid)



### 3. Læringsprosessen er kompleks



(Befring, 2014)

# Djupnelæring

---

- djupare læring **føregår innafor tre overordna, dels overlappende kompetanseområder** (Pellegrino & Hilton 2012):
  - kognitiv kompetanse
  - sjølvregulerande kompetanse (intrapersonleg)
  - mellom-menneskeleg kompetanse (interpersonleg)
- djupare læring - ein prosess der ein blir i stand til å **overføre og anvende** det ein har lært i nye situasjonar eller samanhengar
  - Overføre og anvende – førebu for framtidig læring (t.d. å lære å lære)

# Å planlegge og risikovurdere undervisning

---

10%

Sosial og  
emosjonell  
tilrettelegging

90%

Fagleg innhald

100%

Undervisningspraksis

Inspirert av Inger Bergkastet

# Å planlegge og risikovurdere undervisning

---

I – G – P?  
Samansetn  
av gr?  
Kultur for  
refleksjon?  
Risiko – ulike  
økonomiske  
utgangspkt

Personleg økonomi  
Forbruk hos den enkelte  
Refleksjon som  
læringsstrategi

Undervisningspraksis i tråd med  
kompetansemål

Inspirert av Inger Bergkastet

# Fagleg og sosial læring i overordna del

---

«Skolen skal støtte og bidra til elevenes sosiale læring og utvikling gjennom arbeid med fagene og i skolehverdagen for øvrig.

(...) Sosial læring skjer både i undervisningen og i alle andre aktiviteter i skolens regi.  
Faglig læring kan ikke isoleres fra sosial læring.» (Overordnet del)



Foto: iStock

# Potensialet i gruppearbeid blir i liten grad utnytta

- Mykje undervisningsaktivitet føregår i grupper
- Arbeider meir parallelt enn saman
- Korleis ein arbeider godt saman i ei gruppe er lite fokusert på, td:
  - Kva inneber rolla som læringspartner?
  - Korleis kan me lytte på ein god måte?



Foto: iStock

# Å planlegge og risikovurdere undervisning

---

50%

Sosial og  
emosjonell  
tilrettelegging


50%

Fagleg innhald

100%

Undervisningspraksis

Inspirert av Inger Bergkastet



Korleis kan skulen/kommunen bidra til at lærarane vektlegg den sosiale- og emosjonelle læring på linje med den faglege læringa når dei planlegg undervisninga?

Foto: iStock



# Læringsmiljø - læring

- For å praktisere fagfornyings sine intensjonar om eit verdiløft med vekt på framtidens kompetansemål og djupare læringsprosessar må ein arbeide aktivt med å trygge elevane sitt læringsmiljø gjennom heile skuleåret.
- Krev planlegging og dagleg fokus



«Utrygge barn lærer også mykje – men ikkje det me ynskjer at dei skal lære», skriv Randi M. Sølvik ved Læringsmiljøsentret ved UiS.

## Trygge barn lærer best

**KRONIKK:** Skulen må halde fram trykkt på å sikre elevane trygge og gode læringsmiljø når fagfornyings skal implementere. Dersom elevane er usikre på om dei blir ledde av eller blir «blikka» når dei kjem med sine meiningar, så vel dei fleste å vere stille.

**Randi M. Sølvik**

Førsteamanuensis ved Læringsmiljøsentret, Universitetet i Stavanger



Måndag 18. mars 2019 la kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner fram forslag til nye læreplanar i skulen. Han avslutta pressekonferansen med å understreke: «[...] for vi vet at trygge barn lærer også best». Denne understrekinga er viktig. Den er viktig, fordi den framhevar eit sentralt grunnlag for læring. Fordi den peiker på samanhengen mellom opplæringslova, overordna del av læreplanverket og fagfornyings. Fordi den tydeleggjer kor sentralt arbeidet med trygge læringsmiljø er for elevane sine faglege og sosiale læring. Skulane sitt arbeid med å implementere kapittel 9A i opplæringslova er eit steg på vegen for å implementere fagfornyings. Desse prosessane er ikkje frittstående –

blom. Overordna kan ein dele desse kompetansane inn i eit *kognitivt* område, eit *sjølvregulerande* område og eit *mellemmenneskeleg* område. Dette er område som overlappar og er nært knytte saman, og som alle er avgjerande å utvikle i skulen.

I Kunnskapsdepartementet sitt arbeid med å utvikle framtidens skule er det etterlyst eit større fokus på djupare læring innanfor alle dei tre kompetanseområda. Det ligg til grunn ei målsetting om overføring av læring. Det elevane lærer skal kunne brukast for å løse varierte utfordringar i nye situasjonar, både innanfor og utanfor skulen.

Mi pugging til naturfagsprøve tidleg på nittitalet er ikkje relevant lenger. Eg kunne dei største byane og dei lengste elvane i Asia på rams. I dag veks unge opp med tilgjengelege, digitale og mobile hjelpemiddel. Dei gogolar hovudstaden i Peru eller bakgrunnen for *#BlackLivesMatter*. Dei har ein jungel av informasjon å navigere seg gjennom. Dei treng ikkje all den tilgjengelege informasjonen, men dei treng kompetanse til å navigere i den og handtere den. Dei må kunne skilje relevant informasjon frå mindre relevant informasjon. Dei må kunne vurdere om kjeldene deira er til å stole på. Dei treng å kunne argumentere for og grunngje sine meiningar og val. Dei treng å øve seg på dette innanfor trygge rammer.

### Å legge til rette for læring

Somme lærarar etterspor refleksjon. Mange lærarar legg til rette for samarbeid i klasserommet. Nokre skular arbeider systematisk med tverrfaglege tema gjen-

nom skuleåret. Dei arbeider allerede i tråd med prinsipp for læring som er framheva i «Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplærings». Dilemmaet er berre at elevane korrigerer frå utbytte av gruppearbeid eller læraren sine opne spørsmål dersom læringsmiljøet er utrygt.

Robin Alexander, professor ved *Cambridge University*, er ein av mange som leitar fram samanhengen mellom læringsutbyttet, undervisning og læringsmiljøet. I boka *Towards dialogic teaching* viser han korleis undervisningsdialogen stimulerer refleksjon og djupare forståing når den er målretta, kollektiv, gjensidig, kumulativ og støttande. I denne samanheng er det verdt å dvele ved dialogen som kollektiv, gjensidig og støttande. Elevane sin kompetanse blir utfordra når lærarar og elevane løysar faglege dilemma saman, når dei lyttar til kvarandre og deler sine synspunkt frivillig og engasjert. Dersom elevane er usikre på om innspilet deira blir ledd av, eller om dei blir «blikka» dersom dei kjem med sine meiningar, så vel dei fleste å vere stille. Dei vel å ikkje delta i dialogen i klasserommet. Dei prøver å forsvinne i mengda.

Og her er det på sin plass å hevde at utsegna til Sanner er uneyaktig. Utrygge barn lærer også mykje – men ikkje det me ynskjer at dei skal lære. Dei lærer til dømes at det ikkje lønner seg å heve røysta si. Dei lærer at det ikkje er lurt å svare på spørsmål dersom dei ikkje er hundre prosent sikre på at svaret er korrekt.

**Trygge læringsmiljø gir grunnlag for djupare læring**  
Skal skulen ha større trykk på samarbeid, elevinvolvering, dialog og refleksjon, som innanfor skuleåret for

# Kjelder som kan nyttast for å skape refleksjon i personalet

---

- Sølvik, R.M. (2019a). Runddansen mellom relasjonar og læring. <https://laringsmiljosenteret.uis.no/blogg/runddansen-mellom-relasjonar-og-laring-article133631-21353.html>
- Sølvik, R.M. (2019b). Trygge barn lærer best. <https://laringsmiljosenteret.uis.no/blogg/trygge-barn-larer-best-article136878-21353.html>
- CIESL nettsider: <https://laringsmiljosenteret.uis.no/forskning-og-prosjekter/klasseledelse/ciesl-klasseledelse-teori-til-praksis/om-ciesl/>
- Læringsmiljøsentret sine nettsider: <https://laringsmiljosenteret.uis.no/>
- Udir nettsider - støttemateriell: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/stottemateriell-til-overordnet-del/>

# Referansar

---

- Befring, E. (2014). *Den forløsende pedagogikken. Læringsvilkår som gjør gode skoler gode*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Darling-Hammond, L. (2008). Conclusion: Creating schools that develop understanding. In L. Darling- Hammond (Ed.), *Powerful learning. What we know about teaching for understanding* (1st ed.). San Fransisco, CA: Jossey-Bass.
- Hamre, B. K., Pianta, R. C., Downer, J. T., DeCoster, J., Mashburn, A. J., Jones, S. M., Hamagami, A. (2013). Teaching through Interactions: Testing a Developmental Framework of Teacher Effectiveness in over 4,000 Classrooms. *The Elementary School Journal*, 113(4), 461-487. doi:doi:10.1086/669616
- Pellegrino, J. W., & Hilton, M. L. (2012). *Education for Life and Work: Developing Transferable Knowledge and Skills in the 21st Century*. Washington, DC: The National Academies Press.
- Pianta, R. C. (2006). Classroom management and relationships between children and teachers: Implications for research and practice. In C. M. Evertson & C. S. Weinstein (Eds.), *Handbook of classroom management: Research, practice and contemporary issues* (pp. 685–706). Mahwah, NJ: Lawrence Erlbaum Associates.
- Pianta, R. C., Hamre, B. K., & Mintz, S. L. (2012). *Classroom Assessment Scoring System: Secondary Class*. Teachstone.
- Schwartz, D. L., Bransford, J. D. & Sears, D. (2005). Efficency and innovation in transfer. In J. Mestre (Ed.), *Transfer of learning: Research and Perspectives*. Greenwich, CT: Information Age Publishing.
- Sølvik, R.M. (2019a). *Runddansen mellom relasjonar og læring*. <https://laringsmiljosenteret.uis.no/blogg/runddansen-mellom-relasjonar-og-laring-article133631-21353.html>
- Sølvik, R.M. (2019b). *Trygge barn lærer best*. <https://laringsmiljosenteret.uis.no/blogg/trygge-barn-larer-best-article136878-21353.html>
- Sølvik, R.M. (under arbeid). Å leggje til rette for djupare læring i skulen - å danne grunnlag for framtidig læring. I: R.M. Sølvik og S.K. Ertesvåg (red). *Klasseromsinteraksjoner. Undervisningskvalitet fra teori til praksis*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Sølvik, R.M. & Glenna, A.E. (under arbeid). Teaching practices in Norwegian classroom and their potential to promote students deeper learning



**Læringsmiljøsentret**

Nasjonalt senter for læringsmiljø  
og atferdsforskning

---

Universitetet i Stavanger

**[læringsmiljøsentret.no](https://læringsmiljøsentret.no)**